



MØTEPROTOKOLL

For generalforsamling i Jondalstunnelen AS måndag 16. juni 2014 kl 1300.

Møtestad: Kommunestyresalen, Jondal kommune.

Følgjande saker er til handsaming:

1. Konstituering av Generalforsamling.
Opning ved styreleiar Svein Kolbein Halleraker.
Registrering av frammøtte aksjonærar.
2. Val av møteleiar.
3. Val av person til å skriva protokoll.
4. Val av 2 personar til å medunderskriva protokollen.
5. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
6. Godkjenning av årsrekneskapet for 2012.
Styret sitt framlegg til årsmelding og revidert årsrekneskap vert lagt fram for generalforsamlinga.
7. Val av styre.
8. Godkjenning av godtgjerdsle til styre og revisor.

Sak 01/14 Opning/registrering.

Følgjande aksjonærar møtte:

- Hordaland fylke, 52 %, representert ved Svein K. Halleraker med fullmakt.
- Odda kommune, 12 %, representert ved Toralv Mikkelsen med fullmakt.
- Kvinnherad kommune, 12 % representert ved Elisabeth T. Eide.
- Jondal kommune, 12 %, representert ved Angunn H. Trå.
- Kvam herad, 12 %,.....

88% aksjonæranne var til stades og generalforsamlinga vart lovleg sett.

Sak 02/14 Val av møteleiar.

Vedtak:

Svein Kolbein Halleraker samr. vald.

Sak 03/14 Val av person til å skriva protokoll.

Vedtak:

John Skogseth samr. vald.

Sak 04/14 Val av 2 personar til å medunderskriva protokollen.

Vedtak: Angunn Handegard Trå og Toralv Mikkelsen.

Sak 05/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Vedtak:

Innkalling og dagsorden samr. godkjent.

Sak 06/14 Godkjenning av årsmelding og årsrekneskapen for 2012.

2013 var første heile driftsåret for Jondalstunnelen. I 2013 passerte 134660 bilar gjennom tunnelen. Det gjev ein gjennomsnittleg døgntrafikk på 369ÅDT. Stortingsprop. for Jondalstunnelen legg til grunn 350 ÅDT i opningsåret. Raset i Tokagjelet i slutten av september 2013 førte til at trafikken gjennom Jondalstunnelen stupte med om lag 30 % og drog totaltrafikken i 2013 ned. Bruttoinntekta frå bompengeneinnkrevjinga i 2013 var kr 13 240 701, medan samla driftskostnad var kr 10 930 663. Av samla driftskostnad er kr 9 364 631 avskrivningar, hovudsakleg av innkrevjingsretten. Driftsresultatet viser eit overskot på kr 2 346 038. Dette er ein auke frå kr 2 289 897 i 2012. Netto rentekostnad er på kr 2 346 038. Årsresultatet er kr 0.

Selskapet sine likvide midlar utgjorde kr 34 053 867 pr 31.12.2013, medan selskapet sin soliditet er på 1,1 %, men dette må sjåast i samanheng med at årlege avskrivningar vert tilpassa storleiken på resultatet ut frå at selskapet kun skal krevja inn bompengar til å dekkja finansiering samt drift av selskapet.

Styret sitt framlegg til generalforsamlinga:

Generalforsamlinga godkjenner årsmeldinga og årsrekneskapen for 2013 for Jondalstunnelen AS slik styret har lagt han fram med eit årsresultat på kr 0.

Vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner årsmeldinga og årsrekneskapen for 2013 for Jondalstunnelen AS slik styret har lagt han fram med eit årsresultat på kr 0.

Sak 07/14 Val. (Ingen i styret er på val.)

Sak 08/14 Godkjenning av godtgjerdsle til styre og revisor.

Fylgjande godtgjerdsle vart godkjent for rekneskapsåret 2012:

- Styreleiar: fast godtgjerdsle på kr 50000 + tapt arbeidsforteneste.
- Styremedlemmer: fast godtgjerdsle på kr 15000 + tapt arbeidsforteneste.
- Varamedlemmer: kr 2000 pr. møte + tapt arbeidsgodtgjerdsle.
- Revisor: Kr 53 000.

Styret sitt framlegg til generalforsamlinga:

Generalforsamlinga godkjenner fylgjande godtgjerdsle for styre og revisor for Rekneskapsåret 2013:

- Styreleiar: fast godtgjerdsle på kr 25000 + tapt arbeidsforteneste.

- Styremedlemmer: fast godtgjerdse på kr 7500 + tapt arbeidsforteneste.
- Varamedlemmer: kr 1500 pr. møte + tapt arbeidsgodtgjerdse.

- Revisor: Kr 48 750

Vedtak:


Generalforsamlinga godkjenner fylgjande godtgjerdse for styre og revisor for rekneskapsåret 2013:

- **Styreleiar: fast godtgjerdse på kr 25000 + tapt arbeidsforteneste.**
- **Styremedlemmer: fast godtgjerdse på kr 7500 + tapt arbeidsforteneste.**
- **Varamedlemmer: kr 1500 pr. møte + tapt arbeidsgodtgjerdse.**
- **Revisor: Kr 48 750.**


Jondal 16. juni 2014.



Svein Kolbein Halleraker
Styreleiar



Angunn H. Trå



Toralv Mikkelsen